

Likelydande brev
Sjå vedlagde liste

Dykkar ref

Vår ref
10/239- BFA

Dato
08.04.2011

Høyring - utkast til forskrift om klagenemnd for fly- og jernbanepassasjerer (transportklagenemndforskriften)

Vedlagt følger utkast til forskrift om "klagenemnd for fly- og jernbanepassasjerer" ("transportklagenemndforskriften").

Bakgrunn

Samferdselsdepartementet sende 8. februar 2010 eit utkast til forskrift om "gjennomføring av forordning (EF) nr. 1371/2007 av 23 oktober 2008 om jernbanepassasjerers rettigheter og forpliktelser" ("jernbanepassasjerrettighetsforskriften") på høyring. Klageordninga blei mellom dels lagt til Statens jernbanetilsyn. Departementet opplyste i brevet at vi ville vurdere å opprette ei eiga klageordning på området, og eventuelt ei ordning som også omfattar andre transportformar. I eit møte 27. september 2010 i departementet blei det drøfta med næringa og forbrukermyndighetene m.fl. om å utvide flyklagenemnda til i fyrste omgang også å omfatte jernbane.

På grunnlag av dette har departementet utarbeida eit utkast til forskrift om klagenemnd for fly- og jernbanepassasjerar. Departementet har teke utgangspunkt i "forskrift om klagenemnd for flypassasjerer" av 31.10.2008 nr. 1168 og utvida forskriftsutkastet til også å omfatte jernbaneområdet. Flyklageforskrifta finst på følgjande link:
<http://www.lovdatab.no>

Dei endringane som er foreslått medfører for jernbanen at klagenemnda overtar handsaminga av klager som i dag er lagt til Statens jernbanetilsyn. Vidare vil ordninga bli gebyrfinansiert. Samferdselsdepartementet legg opp til at kvar sektor skal bere sine

eigne kostnader. Det er også foreslått å utvida ordninga til å gjelde jernbanepassasjerklager generelt, ikkje berre etter EU-forordninga, slik som i dag. På luftfartsområdet er det allereie tilsvarende reglar.

Om forskriftsutkastet

Som nemnd ovanfor er det tatt utgangspunkt i flyklagenemndforskrifta. Nedanfor følgjer ei nærare omtale av dei materielle endringane som departementet meiner er naudsynte for å utvida klagenemnda til også å omfatte jernbanepassasjerrettar. Dei føresegner i utkastet som svarer til gjeldande flyklagenemndforskrift blir ikkje omtala her.

Generelt

I forskriftsutkastet blir det foreslått å endra namnet på flyklagenemnda til transportklagenemnda.

Til § 1-5

Føresegna er utforma på same måte som klageretten for flypassasjerar, jf. § 1-4, men visar til jernbaneloven og omfattar passasjerar som har rettar etter denne.

Utkastet legg opp til at alle passasjerklager kan klagast inn for nemnda. I dag er det berre klagar etter EUs "jernbanepassasjerrettighetsforordning" som kan klagast inn til Statens jernbanetilsyn. Ei slik utviding av klageretten er avhengig av lovendring, og departementet tek sikte på å leggje fram eit slikt forslag for Stortinget.

Til § 1-6 (2)

Av føresegna går det fram kva for tenesteytarar som er lagt inn under klageordninga. I hovudsak er dette jernbaneføretak som trafikkerar på det nasjonale jernbanenettet. Også Jernbaneverket, reisebyrå og andre som har pliktar i medhald av lov, forskrift eller avtalar som nemnt i § 1-5, kjem inn under ordninga.

Til § 2-1

Som det går fram av flyklagenemndforskrifta, skal to medlemmer i nemnda representere tenesteytarinteressene og minst ein av desse skal representere den innklaga tenestegreina. For at talet på medlemmer i nemnda ikkje skal bli for stort, foreslår departementet å behalde talet på medlemmer i nemnda slik som i dag (dvs. 5). Det blir derfor foreslått at minst ein medlem av nemnda skal representere den transportsektoren som den innklaga høyrer til.

Til § 4-1

Det er ikkje gjort endringar i ordlyden i føresegna i høve til flyklagenemndforskrifta, men referansen til § 1-6 fører til at også samansetninga av styret blir endra til også å omfatte tenesteytarar på jernbaneområdet. Talet på styremedlemmer er ikkje foreslått endra.

Til § 8-1

Føresegna inneheld reglar om fordeling av kostnader mellom transportsektorane. Det leggjast opp til at kvar sektor skal bere sine egne kostnader og at det ikkje skal vere krysssubsidierring mellom sektorane.

Til § 8-3

Som det går fram av føresegna, skal det bereknast og innkrevjast gebyr berre for jernbanereisar som gir passasjerane rettar ovanfor jernbaneføretaka, jf. § 1-5. Det blir foreslått at gebyra skal betalast av jernbaneføretaka og fastsetjast på grunnlag av nemndas budsjett forholdsvis fordelt mellom jernbaneføretaka etter talet på passasjerar som har klagerett. Jernbaneføretaka har plikt til å gi slike opplysninger til nemnda. Sektorkostnaden for etablering og drift av klageordninga for jernbanen skal også innkrevjast etter desse reglane. Gebyret skal fastsetjast normalt på førehand for kvart kalenderår.

Det blir foreslått at nemnda skal krevje inn gebyra frå jernbaneføretaka.

Overgangsreglar

Generelt

I flyklagenemnda blir medlemmene i styret valt for 4 år av gangen, jf. flyklagenemnd-forskrifta § 4-1. *Samferdselsdepartementet ber høyringsinstansane om innspel om trongen for eventuelle overgangsordningar for at jernbanesektoren skal inngå i styret og korleis desse eventuelt kan utformast.*

Til § 10-2

Departementet foreslår at innkrevjing av gebyr frå jernbaneføretaka for etablering og drift av ei utvida klagenemnd som ei overgangsordning kan krevjast inn før nemnda har starta opp sitt arbeid, jf. fyrste leden. Elles legg departementet opp til at Statens jernbanetilsyn skal handsame klager som er motteke før nemnda startar sin handsaming av klager etter § 1-5.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Flyklagenemnda har i dag samla driftsutgifter på ca. NOK 4,4 mill. Utvidinga av nemnda til også å omfatte jernbane vil krevje ei eingongsinvestering i storleiksorden NOK 200 000 - 250 000. Vidare er årlege driftsutgifter berekna til mellom NOK 650 000 – 750 000. Dette omfattar eit årsverk, kontorleige, reiseutgifter og datautgifter, inkludert informasjonsverksemd, opplæring o.a. I tillegg vil felleskostnader måtte fordelast mellom sektorane forholdsmessig, noko som inneber at luftfartssektoren kan få noko reduserte utgifter samanlikna med i dag.

Kostnadene vil bli fakturert jernbaneføretaka som kjem inn under ordinga etter talet på passasjerar som har klagerett, jf. omtale til § 8-3 ovanfor. Slik jernbanemarknaden ser ut

i dag, vil det i hovudsak vere NSB AS, Gjøvikbanen AS og Flytoget AS som vil måtte finansiere ordninga.

Utvidinga av nemnda vil elles føre til at utgiftene til Statens jernbanetilsyn for å handsame passasjerklager fell bort. Tilsynet vil likevel framleis ha handhevinga av EU-forordninga om jernbanepassasjerrettar, jf. § 5 i "jernbanepassasjerrettighetsforskriften". Tilsynet meiner at dei vil spare om lag 1/8 dels årsverk på ikkje lenger å ha sjølve handsaminga av passasjerklager etter forordninga.

Grunngjevinga for å opprette ein felles klagenemnd er mellom anna at det er ein fordel for passasjerane å ha eitt organ å klage til uavhengig av sektor og at tolkingspraksis frå ein sektor vil kunne ha overføringsverdi til andre sektorar der klageorganet har kompetanse, sjølv om regelverket elles er sektorspesifikt. Dette kan vere ein fordel for sekretariatsmedlemmer og medlemmer av klageorganet, og ville kunne gje kvalitets- og effektivitetsgevinstar. Dessutan vil dei administrative kostnadene kunne avgrensast.


Høyringsfrist

Eventuelle merknader til forslaget må vere mottekne av departementet seinast 8. juli 2011.

Andre som ynskjer å gje fråsegn til utkast kan gjere dette i samband med at saka blir lagt ut på heimesida til departementet:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/sd/dok/hoeringer.html?id=2066>

Med helsing



Fredrik Birkheim Arnesen e.f.



Berit Fallan

Vedlegg

Likelydande brev sendt til:

Akademikerne
Arbeidsgiverforeningen Spekter
Avinor AS
Barne- og familiedepartementet
Board of Airlines Representatives in
Norway - BARIN
Finansdepartementet
Finn Haugen c/o Oslo tingrett
Flyklagenemnda v/Rolf Forsdahl
Flytoget AS
Forbruker Europa
Forbrukerombudet
Forbrukerrådet
Fornyings-, administrasjons- og
kirkedepartementet
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon Mariboes gate 13
HSH
Jernbaneverket
Justis- og politidepartementet
Landsorganisasjonen i Norge
Luftfartstilsynet
Norges Handikapforbund
Norsk Jernbaneforbund
Norsk lokomotivmannsforbund
Norsk Reiselivsforum
NSB AS
NSB Gjøvikbanen AS
Nærings- og handelsdepartementet
Næringslivets Hovedorganisasjon
Næringslivets Hovedorganisasjon -
Luftfart
SJ AB
Statens jernbanetilsyn
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund